

# FORTIDA I FRAMTIDA

Ved årets NAM vil me rette blikket framover. Med utgangspunkt i dagens situasjon vil me belyse framtidsutsiktene og moglege vegar vidare for arkeologisk forskning og kulturminneforvaltning.

Politiske føringar og eit auka fokus på nytte i eit samfunnsøkonomisk perspektiv gjer det sannsynleg at arkeologisk forskning og kulturminneforvaltning blir sett under press i tida som kjem. Har norsk arkeologi ein framtid i noverande form?

Varsla omorganiseringar i kulturminneforvaltinga tyder på at det blir stadig viktigare å fremje verdien av kulturminna, både overfor publikum og politikarar. Bør me som arkeologar i større grad argumentere ut frå samfunnsnytte, før me viser til lovverket? Dette står til dels i motsetnad til forskingspolitikken der insentiv er knytt til publisering i fagpublikasjonar og forskarar får verken tid eller utteljing for å formidle forskingsresultat til eit breitt publikum.

NAM 2017 vil også setje fokus på kvifor me samlar og kva er viktig å ta vare på frå arkeologiske utgravingar. Dette endrar seg over tid og me vil i det høvet også sjå framover, kva har mest verdi for framtidige arkeologar?

Me vil òg freiste å belyse eit utval sentrale faglege utfordringar og perspektiv som i mindre grad har vore vektlagt i tidlegare forskning, men som kan bli belyst og analysert gjennom nye metodiske og teoretiske tilnærmingar.

## ÅRSMØTESAKER

Saker som skal handsamast på årsmøtet fredag den 3. november må bli sendt til styret ved [nam@arkeologiinorge.no](mailto:nam@arkeologiinorge.no) saman med naudsynte dokument, seinast seks veker før møtedato: innan 22. september. Alle registrerte medlemmar kan melde saker til årsmøtet. Det er òg høve til å ta opp og diskutere saker som ikkje treng røystast over.

## RESULTATBØRS

### ARKEOLOGISKE UNDERSØKINGAR

Institusjonar og prosjekt inviterast til å presentere siste nytt, kort og konsist. Resultatbørsen skal gje eit raskt innblikk i nye ting som skjer i faget, og føredragshaldar bes om å spisse innlegga, gjerne mot prioriterte problemstillingar.

Påmelding må bli samordna av den enkelte institusjon før den sendast NAM-styret. På grunn av avgrensa plass i programmet, oppmodar me kvar institusjon til å sende ein representant som kan formidle høgdepunkt frå sesongen, og me ber om ein kort grunngjeving om kvifor innlegget bør få plass. Me ber institusjonar og prosjekt om å vere tidlig ute med påmeldinga.

Felles påmelding med tittel på enkeltpresentasjonane, samt namn på den som skal halde presentasjonen, sendast NAM-styret ved [nam@arkeologiinorge.no](mailto:nam@arkeologiinorge.no) innan 22.september.

### ARKEOLOGISKE FORSKINGSPROSJEKT

Nytt av året vil me halde ein eigen sesjon av resultatbørsen til arkeologiske forskingsprosjekt. Vårt mål er at dette vil bli ein måte for arkeologar til å halde seg oppdatert på nye resultat frå norsk arkeologisk forskning. Formatet betyr at presentasjonen må gje ein overordna og kortfatta presentasjon av forskingsresultat, for orientering og formidling til eit breitt fagleg publikum.

Me oppmodar både institusjonar og enkeltpersonar til å bidra på denne delen av resultatbørsen, og ynskjer resultat frå større forskingsprosjekt så vel som resultat frå doktorgradsprosjekt eller liknande.

Påmelding sendast NAM-styret ved [nam@arkeologiinorge.no](mailto:nam@arkeologiinorge.no) innan 22.september.

## POSTERE

På grunn av relativt få påmeldte postere dei seinare år, vil det vil i år ikkje vere ein eigen postersesjon på NAM. Me vil vurderer det på nytt til neste år.

## SESJONANE

### SESJON 1

#### **Reformer og samfunnsnytte**

Pågåande reformer får konsekvensar for organisering og prioriteringar innanfor norsk kulturminneforvaltning og forskning. I vårt oppdrag med å forvalte kulturminna verker det ikkje som omgrepa samfunnsutviklar, samfunnsrelevans og samfunnsnytte i stor nok grad har synke inn. Tidvis kan forvaltninga verke som ein kamp for å redde minna etter fortidas menneske. Men kva verdi har kulturminna for menneska i dag og jobbar kulturminneforvaltninga og forskinga strategisk nok for å vise kulturminnas verdi i eit samfunnsperspektiv?

Regjeringa ynskjer å tydeleggjere og utvikle det regionale folkevalde nivået som samfunnsutviklarar. I regionalmeldinga «nye folkevalgte regioner – rolle, strukturer og oppgaver (Meld. St. 22)» blir det anbefalt å overføre oppgåver og funksjonar på kulturminnefeltet frå Riksantikvaren til regionalt folkevald nivå. Riksantikvaren er i dialog med Klima og Miljødepartementet om konkretisering av dette arbeidet og skal sende sin innstilling i løpet av sommaren 2017. Ei av oppgåvene som er føreslege delegert er dispensasjonsbehandling etter kml. § 8.

I denne sesjonen ser me nærare på kva konsekvensar pågåande reformer får for kulturminneforvaltning og forskning. Korleis jobbar Universiteta strategisk for å utforme studieprogram i arkeologi som er meir samfunnsrelevant? Delegering av dispensasjonsmyndigheita kan få store konsekvensar for framtida i kulturminneforvaltninga, avhengig av kva modellar som blir lagt til grunn. Vil dette føre til en kulturminneforvaltning der større og/eller konfliktfylte saker blir politisk avgjort på regionalt nivå? Dette betyr at me som arkeologar i større grad må argumentere ut frå samfunnsnytte og ikkje berre vise til kulturminnelova. Kva tankar og moglegheiter ser fylkeskommunane for seg ved overføring av nye oppgåver og funksjonar ved regionreformen?

### SESJON 2

#### **Perspektiv I: «Kvite flekkar» og kunstige skilje**

I historiske oversiktsverk har arkeologi i liten grad vore dratt inn i framstillingar av tida etter vikingtid, og det er til dels store forskjellar på ein historikars framstilling av tidleg- og høgmellomalder og ein arkeologs framstilling av den same perioden. I arkeologi blir forståinga bygga frå botnen, medan historiske kjelder kan gje eit til dels ovanfrå og ned perspektiv. Kva kan bli gjort for å foreine desse to perspektiva?

Eit liknande skilje har oppstått mellom mellomalderbyane og resten av landet. Byar i tidleg- og høgmellomalderen etter kvart relativt godt undersøkt, men dei er skilt vekk frå resten av landet, organisatorisk og fagleg. Kvifor har dette kunstige skiljet oppstått og korleis bør me sjå forholdet mellom mellomalderbyane og resten av landet?

Arkeologien i Noreg har mange stader hatt ein maritim orientering, medan innlandsområda har vore mindre undersøkt. Det gjeld ikkje minst i Sápmi. At det her framleis finnes mange kvite flekkar på kartet - både geografisk og dermed også kulturhistorisk - er ei av dei store utfordringane i samisk arkeologi. Korleis påverkar dette forståinga av den samiske førhistoria? Og korleis skal me forholde oss til dette i forskning på, og forvaltning av, samiske kulturminne?

### SESJON 3

#### **Samling og prioritering**

Samlingsaktiviteten ved dei norske universitetsmusea strekk seg tilbake til slutten av 1700-tallet og utgjer i dag sentrale kulturhistoriske arkiv, som er unike kunnskapsbankar for forskning og formidling. Den arkeologiske forskinga i Norden har vore tett knytt til oppbygginga av samlingane på dei arkeologiske musea. Samlingane har dermed vore sentrale rundt oppbygginga av kunnskap om førhistoria. Samstundes veit me at tilstanden på samlingane er varierende, og forvaltninga av dette omfattande materiale byr på utfordringar.

Fleire museum har i større og mindre grad utfordringar med overfylte magasin og aukande funnmengder. Nye vitskapelege analysemetodar gjer at me i dag tek inn massemateriale og prøver i ein grad som ikkje vart gjort tidlegare. Kravet til etterprøvarhet og magasinering for framtidige analyser er viktige argument for å bevare dette materiale på lik linje med dei meir tradisjonelle gjenstandane. Me ser i dag at analyser av denne typen materiale ofte gjev svært gode resultat og ny kunnskap, samtidig må musea prioritere hardt og kanskje ofte vel å prioritere dei tradisjonelle gjenstandane.

Funnkatalogen og topografisk arkiv, med forbilde i 1800-tallets systematiske framgangsmåte er framleis styrande for korleis musea organiserer samlingane. Digital lagring og databaser byr i dag likevel på nye moglegheiter til å tenkje heilskapleg rundt samlingane og byr på høve for større integrasjon mellom dei ulike delane.

I denne sesjonen vil me sjå nærare på samlingsverksemda, og vil presentere perspektiv på samlingane si rolle i arkeologien og tilstanden på dagens samlingar. Me vil også sjå på framtidens samlingsverksemd og korleis digitalisering av samlingane og nye vitskapelege metodar vil spele inn på korleis me samlar inn, handterer og bruker data.

### SESJON 4

#### **Perspektiv II: Individ**

I det arkeologiske vokabularet bruker me ofte ord som viser til dei lange linjene og grove trekka ved førhistoria. Me snakkar om *epokar*, *fasar*, *kulturar*, *grupper*, *samfunnslag* og *kontaktnett*. Langt sjeldnare diskuterast enkeltpersonar, barnet, den ammande mor, den sjuke gamlefar, kunstnaren eller

reingjetaren - altså individa. Me veit at alle desse har eksistert og at dei utgjorde ein del av det overordna bilete, men som arkeologar det er vanskeleg å *nå* dei.

Tanken om ein tilnærming til materialet med fokus på individa og dei usynlige gruppene, er ikkje ny. Det har vore forsøkt, men det er tydeleg at *korleis* dette skal gå før seg, ikkje er sjølvsgt. Det arkeologiske materialet byr på motstand og det er ikkje openbert korleis ein skal sjå individa i katalogen over gjenstandsnummer og utgravne strukturar.

Korleis er det då mogleg å nå fram til fortidas enkeltpersonar? Kva metodar kan brukast? Held teoretiske perspektiv og innfallsvinklar tritt med metodologiske nyvinningar og tekniske finesser, slik at dei saman kan utfordre materialet og arkeologane? I denne sesjonen vil me forsøke å nærme oss individa, og presentere nokre arbeid der ein har studert personer og grupper som tidligare ikkje har fått så mykje merksemd.